



Protokoll frå styremøte Suldal IL

Møtenummer: 03/2020

Dato: 21.01.2021

Tidspunkt: 18:30-20:25

Stad: Foajeen

Til stades: Elisabeth Steine (kasserar), Helen Moen Gjuvslund (leiar), Jon Bråtveit (gruppeleiar fotball), Hege Hiim Steine (vara), Sveinung Steine (gruppeleiar trim), Venke Olene Vaarvik (gruppeleiar økonomigruppa), Per Even Tjøstheim (gruppeleiar ski), Kristine Bøe Berge (skrivar)
Forfall: Øyvind Gjuvslund (nestleiar), Vidar Jørgensen (styremedlem)
Andre til stades: Torill Telstad

Sak 23/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

- Innkalling og sakliste godkjent utan merknadar.

Sak 24/20 Godkjenning av protokoll frå sist styremøte

- Protokoll godkjent utan merknadar.

Sak 25/20 Orientering frå leiar v/Helen Moen Gjuvslund

- Leiar tek kontakt med Jens for å starta opp gjennomføring av Allidretts-SFO.
- Vask av toalett i renseanlegget: Idrettslaget har inngått avtale under føresetnad av normal drift. Spørsmål om ytterlegare vask og praksis er sendt vidare til Suldal Kommune. Status no er at idrettslaget ikkje har ansvar for vasket med dei retningslinjene som no gjeld. Ny avtale skal forhandlast våren 2021. Leiar tek kontakt med Inger Camilla Løvholen i Suldal Kommune.

Sak 26/20 Orientering frå kasserar v/Elisabeth Steine

- Rekneskapen for 2020 nærmar seg ferdig. Elisabeth sender dette ut når det er klart.
- Budsjett for 2021: gruppeleiarane sender inn forslag til budsjett til Elisabeth.
- Medlemskontingent: det har vore utfordrande å få inn kontingent etter ny rutine med betaling gjennom Klubbadmin. Papirfaktura vert sendt ut til dei som ikkje har betalt.

Sak 27/20 Orientering frå fotballgruppa v/Jon Bråtveit

- Ivrigtrening
 - o 3.-5. klasse.
 - 1.-2. kl har nok med ei økt i veka.
 - 6. kl og opp har kretslega.
 - o Søndagar kl 17.00
 - o Ingen krav om røynsler, men at ein har lyst og er motivert for ei konsentrert økt der ein er raskt på plass, høyrer etter og gjer sitt beste.
 - o Trenarane skal ikkje måtta venta lenge på ro.
 - o Skal vera kjekt, men konsentrert.
 - o Bør vera påmelding til dømes fredag på ei Messengergruppe slik at trenarane kan laga passende opplegg.
 - o Vanleg trening forventar me at alle er med kvar gong, det blir ikkje forventa her.



- Oppmøte her har ingen innverknad på lagsamansetning og speletid i Suldalsserien. Der skal alle framleis spela like mykje, og laga skal settast saman så jamne som mogleg.
- ➔ Styret er positiv til at ein set i gong ivrigtrening, men presiserer at det er viktig at prioriteringa skal liggja på den ordinære treninga.
- Trenarkabal
 - Miniknott: Anette Goa Bråtveit, Tore Vik, Lars Erik Dalva, Stian Olila – sannsynlegvis to lag.
 - Knott: Dagfinn Havrevoll, Tom Gardsteig, Hans Olav Brustveit. Sannsynlegvis tre lag.
 - Lilleputt: Neri Fisketjøn, Michal Kral, Asle Fisketjøn/Øyvind Gjuvsland/rullering andre føresette. Sannsynlegvis tre lag.
 - Ungdomsskule: Torjus Steine – eitt lag.
 - G13-1 og G13-2: Jostein Aarhus, Kenneth Tveit, Torjus Steine, lagleiar 1 og lagleiar 2 manglar. 28 gutar. Startar opp trening første onsdag i februar i Suldalshallen med foreldremøte.
 - J14: Raymond Krogh: 7- eller 9'ar-lag. I utg.pkt. 7-8 stk 12-13-åringar. Slår seg saman med J15 på treningane og får bruka 14-åringar derifrå på laget.
 - J15: Torbjørn Indrebø og Simmen Bratland: 11'ar-lag. Treningar saman med J14.
 - G16: Tor Arne Sigstad og Kristian Steine: 9'ar-lag vårsesong.
 - Senior herrer: Arne Abrahamsen
 - Senior kvinner blir ikkje lag i år.
 - Jobbar med nye drakter til Suldalsgutane- og jentene, samt sponsorar der. Det er kome ny gulfarge frå Adidas som ikkje samsvarar med idrettslaget sine fargar. Det er ynskeleg å halde på den gulfargen ein har per no. Jon tek kontakt med Sand Sport for å sjå på moglegheiter.
 - Trapp mellom stadion og samfunnshus
 - Arbeidsgruppe er i gong.

Sak 28/20

Orientering frå skigruppa v/Per Even Tjøstheim

- Alle gruppene er i gong med trening på snø. Tre hovudgrupper. Starta med treningar på snø 5.januar og same dag kom ein i gong med snøproduksjon. Etter ei veke i Breiastøldalen kom ein i gong med treningar i ljosløypa.
- Utfordring med gjennomføring av skirenn grunna korona. Det har vore mange avlysingar og utsettingar av renn. Suldal Idrettslag har delteke på to renn hittil denne sesongen; Hovden og Korlevoll. 18.januar kom ytterlegare innstramingar for gjennomføring av skiaktivitet. Det var i utgangspunktet laga eit opplegg for fem lokale renn, inklusiv skikarusell, etter gjeldande retningslinjer, men slik status er per i dag kan ein ikkje gjennomføra etter plan. Skigruppa har vore i dialog med kommuneoverlegen og ein kan gjennomføra treningsrenn for dei som allereie er etablerte treningsgrupper. Inntil vidare er det difor ikkje aktuelt å gjennomføra skikarusell og renn etter opprinneleg plan. Ein ynskjer difor å gjennomføra interne treningsrenn ca. annankvar veke for å halde på den aktiviteten ein ynskjer.

Sak 29/20

Orientering frå økonomigruppa v/ Venke Olene Vaarvik

- Pantebu: Røde Kors har no sett opp bu på parkering på Gullingen nedanfor Røde Kors hytta. Ikkje aktuelt for idrettslaget å setje opp per dags dato.



Sak 30/20

Orientering frå trimgruppa v/Sveinung Steine

- Informasjon frå Suldal Kommune vedk. sti- og løypenett v/Torill Telstad:

Visit Suldal lagar kart over sti- og løypenett. Suldal Idrettslag har merka og ordna løypene. Det er opp til idrettslaget å vurdere kapasiteten til og gjera denne jobben.

Dei grunneigarane som let stiar gå over innmark (over eit beite m.m.) kan få ein kompensasjon gjennom RMP-midlar (Landbrukstilskot).

Ein må ha grunneigaravtalar på plass der alle stiane går. Avtalane som vart laga for 4-5 år sidan er diverre komne vekk i eit arkivskåp. Dette er avtalar som vert laga for 10 år, med vidareføringsavtale. Det er difor ynskeleg at ein får på plass desse avtalane att.

Akebakke på Gullingen oppe ved «Gratishaugen», ned mot vatnet, er regulert inn i ein tidlegare avtale med ein grunneigar, som no Suldal Kommune er grunneigar for. Denne akebakken er per i dag ikkje i ynskeleg stand. Suldal Kommune har sti- og løypemidlar som idrettslaget kan søkje på. I tillegg til litt dugnadsinnsats og mogleg samarbeid med hytteforeininga, samt leirskulen, er det godt potensiale for å laga til ein kjekk akebakke. Inger Camilla Holen i Suldal Kommune/Leiar søkjer om midlar.

Sak 31/20

Snøproduksjonsanlegg

- Avslutta anleggsarbeidet for denne gong siste veka før jul. Hadde då grove ned 600meter røyr, som tilsvarer 1300 meter produsert løypa. Var klar til oppstart av snøproduksjon 5.januar. Det gjekk då jamnt i fire døgn, produserte då ca. 6000m³, i praksis blei dette ut til vendinga ved halvannen kilometeren. Fekk då mildvær og vind, avslutta og starta opp att veka etter og produserte 2 døgn til. Totalt vart det seks døger med snøproduksjon, som tilsvarar 8000-9000m³. Dette har gitt om lag ein halv meter snødekke frå anlegget ut til 2-kilometeren. Testperioden og produksjonen har gått veldig bra, arbeidsgruppa har hatt ein bratt læringskurve. Har vore vaktplan kor det alltid har vore to på vakt under produksjon. Stort sett pensjonistar på dagtid, og medlem på kveld og natt. Været har spelt på lag og det har vore draumeforhold til snøproduksjonen med kaldt vintervær. Det er sett opp kjøletårn for å kunne produsere snø ved mildare temperaturar, men det har ikkje vore nødvendig i denne runden.
- Totalbudsjettet er på 4,1mill som ligg i tippemiddelsøknaden. Der har me per i dag 3,85 millionar i midlar. Alt er ikkje komne inn av tippemiddel og kommunale midlar. Me har brukt 3,25 millionar til no, og då har me 600 000 att. Desse midlane skal dekke elektrikararbeid, montør frå utstyrsleverandør og vidare utbygging av resten av røyra som ikkje er komne under jorda. Me har ca. 200 meter att med røyr til nedgraving.
- Framdrift vidare: vår/sommar tek ein opp att arbeidet med det ein har midlar til. På sikt ser ein føre seg at drifta skal vere ein kombinasjon av dugnad og løna arbeid. Ein har no tilgang på 90 000,- per år gjennom tre år i driftsmidlar; 50 000,- frå Haugaland Kraft, 10 000,- frå Statnett og 10 000,- frå ei hytteforeining ved Mosvatnet. Det blir arbeida med fleire aktuelle bidragsytarar til driftsmidlar.
- Hjelmeland Idrettslag, Haugaland Kraft og Statnett, samt den gamle hytteforeining ved Mosvatnet, har bidrege økonomisk.
- Gruppa jobbar framleis for å få inn driftsmidlar. Ein ynskjer bl.a. at Suldal Kommune også skal bli ein bidragsytar på driftssida, då ein ser at dette kjem fleire til gode på eit større plan.



- Byggerekneskapen til lysanlegget er ferdig og klar til ferdigstilling. Rekneskapen skal reviderast av kommunerevisor. Når dette er ferdig kan ein søkja momskompensasjon. Satsar på å få avslutta det kapittelet ila året.

Sak 32/20 Jubileumsbok

- Ferdig med tekst. Held på med biletetekst og bilete. Er under arbeid.
- Arbeidet med prisar o.l. er i prosess.

Sak 33/20 Årsmøte i 2021

- Innkalling og annonsering → Leiar og skrivar.
- Praxis for heider for utmerkingar tek hovudstyret ansvar for.
- Den formelle utdeling av Kulturprisen vil skje ved ordførar eller leiar i Levekår på årsmøtet.

Sak 34/20 Ymse

-

Kristine Bøe Berge
Skrivar